

Søknad

Støtteordning	Bolyst 2012
Tittel	Søknad om deltaking i KRD si Bulyst-satsing 2012
Søknadsår	2012

Kort beskrivelse

Målet er å skapa fleire møteplassar for å integrere innvandrara, gje lokale lag midlar til å kunne ta seg av denne gruppa samt barn og unge som fell utanfor idretten som ikkje er eigna plass for alle. Vi arbeider aktivt for fleire lokale arbeidsplassar ved å støtte lokale initiativ. Vi satsar vidare på vårt Tilflyttarprosjekt saman med Bømlo, Stord og Kvinnherad.

Prosjektbeskrivelse

A. Vi utvider satsingsområdet til heile kommunen. Vår etablering av Kulturbakeriet på Storebø med kafe har vore ein suksess vi berre drømte om for få år sidan. Vi treng vidare utvikling av aktivitetane kring dette og vil ha kulturarrangementer på Storebø i åra som kjem. Til det trengs mykje ny kompetanse som vi kan utvikle gjennom fylkeskommunale tilbod og hjelp frå Distriktsenteret.

B. Integrering av innvandrare har vore i fokus fra starten av vårt arbeid i bulyst-samanheng. På dette området kan det gjerast langt mer for å få med nye grupper, anten det er nordmenn eller dei frå utlandet. Til det trengs det også kompetanse og kunnskap om andre kulturer og mennesker. Arrangementer ala det de får til i Voss på Evanger er en model for å oppnå betre integrering.

C. Tilflytterprosjektet. Vi har eit tilflyttarprosjekt i samarbeide med Bømlo, Stord og Kvinnherad som vi vil utvikle vidare til å kunne nyttast andre stader i kommunen. Vi byggar 2 prøvebustader på Møkster og treng bistand til å bygge fleire og støtte opp om lokale initiativ også andre stader i kommunen. Stolmen for eksempel, der vi har etablert Landskapsark i samarbeide med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen.

Kontaktopplysninger

Søker/prosjekteier	Austevoll kommune	Kommunehuset 5392 STOREBØ	90366104
Kontaktperson	Austevoll kommune	Kommunehuset	90366104
Prosjektleder	Austevoll kommune	Kommunehuset 5392 STOREBØ	90366104

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Bulyst-støtte frå KRD , tilsegn nr 10204009, kr. 600.000,- statsbudsjettet kap.552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling. For bulyst-tiltak på Storebø og Møkster. Kulturarrangementer, integrering og lokal næringsutvikling.

Frå Hordaland fylkeskommune, livOglyst-midlar for perioden 2009-2011, kr 320.000,- til kulturarrangementer for lokal næringsutvikling og integrering av innvandrare og tilbod til barn og unge.

Midlar til Tilflyttarprosjektet, "Flytt til livOglyst", et samarbeide med Bømlø, Stord og Kvinnherad for å få nye innflyttarar til utkantane i kommunane. Kr . 1.590.000 i 2011.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Austevoll kommune har sidan 2009 med politisk leiing i spissen arbeidd aktivt for å styrkje bulysta i kommunen og samstundes søkje å få til ei større tilflytting til kommunen. Prosjektet er ressurskrevjande og krev tolmod frå dei som arbeider med dette feltet. Vi har lukkast bra med livOglyst-prosjektet som vi håper kan fortsette og vi utvider vår satsing til heile kommunen. Det ønskjer også innbyggjarane i bygdene.

Prosjekt mål

1. Betre integrering av tilflyttarar som kjem til kommunen, både nordmenn og dei frå utlandet. Her vil vi gjerne lære av andre som har lukkast. Til det treng vi midlar og ny kompetanse.

Kulturarrangementer kan vera ei god døråpnar. Konserter, utstillingar, teater og drama vil vi nytte i dete arbeidet.

2. Stimulering av bulysten må starte tidleg. Difor arbeider vi aktivt med barne- og ungdomsarbeid i kommunen der mange ulike lag bidrar. Kunnskaps- og kompetanseutvikling er viktig der vi kan bidra med deltaking på kurs og få med innvandrarar verker bra etter vår erfaring. Dette arbeidet må fortsette. Musikkorps har fått støtte til ei samling i Bergen i 2011 noko so medførte at dei fekk kontakt med ein av landets fremste musikare på området. Dette avler no nye frukter.

3. Tilflyttarprosjektet på Møkster. Dette har fått nasjonal merksemd og stor merksemd regionalt. TV2 følger no prosjektet og vil sende fleire reportasjer og vise korleis dette går framover. Vi vil gjerne gjera meir av dette også andre stader i kommunen. Vi tenker spesielt på øya Stolmen, der vi har etablert Landskapsparken Stolmen i samarbeide med Fylkesmannen, for å skape ny bulyst gjennom å ta vare på kulturlandskapet og etablere nye arbeidsplassar.

Forankring

Heile satsinga innafor Bulyst-prosjektet, livOglyst, Tilflyttarprosjektet, "Ny næring i gamle bygg i strandsona" og andre er politisk forankra gjennom vedtak i formannsskap eller kommunestyre og ordføraren er ein drivkraft i alt dette arbeidet.

Austevoll kommune søkjer også om deltaking i "Bustadetablering i distriktet 2012", då vi ser samanhenger i alt dette vi arbeider med innafor feltet, der bustad er eit særst viktig element.

Prosjektorganisering

forankring: formannsskapet

prosjektansvarleg: ordføraren

prosjektleiari: Bjørn Wefring

arbeidsgrupper: opprettast etter behov.

Samarbeidspartnere

Alle lag innafor idrett og kultur og andre som kan bidra. Arbeidsgrupper opprettast etter behov.

Lokalt næringsliv støtter stundom ved behov for transport eller midler med sponsorstøtte.

Aktiviteter

1. På kulturområder vil vi fortsette med små og store konserter, dei små i intime lokaler mens dei store kan skje i Bekkjarvik og på Storebø. V har hatt kjente orkestre på besøk slik at det er ikkje naudsynt å dra til Bergen for å få ei slik oppleving det er å høyre Bjørn Eidsvåg spela. Olav Stedje fekk vi til Møkster i fjor sommar, noko som stykker bulysta der.

Vi har hatt besøk frå profesjonelle teater med drama, Hordaland Teater, som har vist framsyninger. Dette er veldig attraktive tilbud vi har altfor få av. Vi har hatt fleire forfattarkvelder med kjentfolk på plakaten, og dette er mykje stimulerande for leselysten, bulysten og folkehelsa.

2. Saman med nyoppretta Austevoll Turlag har vi gjennom bulyst-programmet og livOglyst arrangert turer for å få med innvandrarar, barn og unge. Bulysten stimulerast samstundes som dette er bra folkehelse! Kommunen satser også tungt på folkehelse gjennom sin folkehelsekoordinator. Dette vil omfatte aktiviteter både på land og sjø. På sjøen har vi ei nyoppretta kajakk-gruppe som har fått livoglyst-støtte til utdanning av instruktører som igjen har ført til fleire aktive mennesker og dermed større bulyst.

3. Tilflyttar-prosjektet er viktig for kommunen. Dette prosjektet som virker regionalt, og som andre kan lære av, ser vi som svært verdifullt. Men vi treng ressurser til å etablere prøvebustader, annonsering, film, midler for å invitere potensielle tilflyttare til kommunen og flyttestønad når dei har bestemt seg for ei prøveperiode.

Målgrupper

Innvandrere
tilflyttare frå andre stader i Norge
barn og unge
familier

Resultat

Folketalsutviklinga viser ei svak stigning dei siste åra for kommunen. Gode tilbud på kulturfronten og innafor turer og idrett er etter vår erfaring viktig for å halde på innbyggjarane. Fleire har arbeid utanfor kommunen men velgjer å bli buande i Austevoll.

Effekter

Effekten av kulturbasert næringsutvikling kombinert med bulyst-tiltak, har ført til at vi idag har nokre lokale, yngre mennesker som ønskjer å etablere eigen verksemd innafor ulike område. Aktivitetstilbod til vanskelegstilte ungdomar, mat- og drikkeproduksjon fra gard, turer i kommunen på sjø og land. Etablering av Austevoll kystkultursenter på Austevoll. Dette hadde ikkje vore enkelt for dei om dei ikkje hadde hatt tilbod om støtte til søknadskrivning, finansiering, råd og veiledning, deltaking på ymse kurs i vår regi, fylkeskommunal regi og gode råd frå Distriktsenteret.

God og styrka bulyst gjennom alle våre arrangementer har stimulert fleire til å tenke på å realisere tanker om å etablere noko eige. Til det treng vi ny kompetanse og vi treng økonomiske midlar. Difor er Distriktsenteret viktig og difor er Bulyst-prosjektet viktig for oss.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Vi arbeider langsiktig og vil ta dette inn i ei 3-årsplan: 2012 - 2014.

Det vil harmonere med vår omsøkte vidare deltaking i livOGlyst-prosjektet, i Tilflyttarprosjektet og vår ønskte deltaking i "Bustadetablering i distrikta 2012".

Budsjettplan

Andre konserter	25 000	25 000	25 000	75 000
Havfest-arrangement	100 000	100 000	100 000	300 000
Kompetansebygg. kurs	20 000	20 000	20 000	60 000
Teater og drama	20 000	20 000	20 000	60 000
Tilflyttar tiltak	35 000	35 000	35 000	105 000
				SUM 600 000

Finansieringsplan

Eigefinansiering og arbeidsinnsats	100 000	100 000	100 000	300 000
Kommunal- og regionaldepartementet	100 000	100 000	100 000	300 000
				SUM 600 000

Geografi

1219-Bømlo, 1221-Stord, 1224-Kvinnherad, 1244-Austevoll

Vedlegg